

ABM-konferanse

22/11 2021 10:30 - 23/11 14:30

Vestnes fjordhotell og Vestnes bibliotek

Publisert: 08.10.21 Oppdatert: 22.10.21



Vi har gleda av å invitere til abm-konferanse for abm-sektoren i Møre og Romsdal fylke.

Som einaste fylkeskommune i landet har Møre og Romsdal frå 1.1.2021 ein eigen seksjon for arkiv, bibliotek og museum. Fylkeskommunen ønsker, på lag med praksisfeltet, å styrke samhandlinga mellom tre sjølvstendige fagfelt, med sterkt samanfallande samfunnsoppdrag. Å styrke samhandlinga i abm-sektoren er i tråd med nasjonale, politiske føringar innan dei tre fagfelta. Det skal gagne dei som jobbar i abm-sektoren og ikkje minst skal det gagne innbyggerane i fylket vårt.

Saman med gode samarbeidspartar i Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal (IKAMR) og Norsk bibliotek Foreining (NBF) inviterer seksjon for abm til ein konferanse som skal gi inspirasjon, kompetanseheving og bidra til nettverksbygging.

Til årets abm-konferanse kjem det foredragshaldarar frå alle tre fagfelt i abm-sektoren, alle med innlegg som er relevant på tvers av dei tre fagfelta. Juristar frå Nasjonalbiblioteket held innlegg om jussen kring tilgjengeleggjering av audiovisuelt kjeldemateriale. Kulturdepartementet kjem for å presentere perspektiv på arkiv-, bibliotek- og museumssamarbeid slik det ligg i den nye museumsmeldinga. Spesialsamlingane ved Universitetet i Bergen held innlegg om arbeidet sitt på eit bibliotek som jobbar i krysninga mellom arkiv, bibliotek og museum. Som tidlegare avdelingsleiar i abm-utvikling og no biblioteksjef ved Bergen offentlege bibliotek har Leikny Indergaard Haga eit viktig blick for dei endra forutsetningane for samarbeid i abm-sektoren dei siste åra. Musea i Akershus kjem saman med KulturIT for å fortelje om deira svært spanande satsing, Virtuelt museum. VITI og IKAMR ved Fylkessenter for digitalisering av kulturarven (SEDAK) fortel om erfaring frå felles pilotprosjekt og Vestnes bibliotek vil fortelje om sitt samarbeid med Båtbyggarmuseet i Vestnes og utvikling av eit moderne folkebibliotek som også er arena for formidling av kulturarv. Frå Sverige kjem Nordisk Center for kulturarvspedagogikk for dele erfaring med abm-samarbeid i nordisk samanheng.

Med dette breitt samansette og aktuelle programmet vil vi belyse utfordringar abm-sektoren står ovanfor og peike på kva moglegheitsrom vi har for samhandling i sektoren.

Ein viktig del av konferansen er også å etablere eit abm-nettverk i fylket vårt som kan styrke fagfelta kvar for seg og samhandlinga mellom dei. Vi håper på brei oppslutning

og gler oss til å treffe dykk alle.

Påmeldinga er open no. Påmeldingsfrist er 7.november. Justeringar i program kan forekomme – følg med på denne sida for oppdateringar undervegs.

Dag 1: måndag 22.11

ca. kl. 10:30	Registrering
Kl. 11:00	Velkomst v/ fylkeskulturdirektør Heidi-Iren Wedlog Olsen
Kl. 11:15	Perspektiv på arkiv-, bibliotek- og museumssamarbeid i den nye museumsmeldinga v/ Stein Sægrov, Kulturdepartementet
KL. 12:00	Lunsj
Kl. 13:00	Att mötas på tvären - nordiska exempel på gränsöverskridande ABM v/ Helena Kuhlefeldt, Nordiskt Centrum för Kulturarvspedagogik (NCK)
Kl. 14:00	Pause
Kl. 14:15	Kva utviklingspotensiale kan vi ha med ABM-samarbeid? v/ Leikny Indergaard Haga, Bergen offentlege bibliotek
Kl. 15:00	Pause eventuelt med innsjekk
Kl. 15:30	Velkommen til Vestnes bibliotek – Stella maris Biblioteksjef Vigdis Ødegaard fortel om nytt folkebibliotek og samarbeid med Båtbyggarmuseet og Robert Vik frå Båtbyggarmuseet fortel om restaurering av galeasen Søblomsten
Kl. 16:15	Omvisning i Vestenes bibliotek og på galeasen Søblomsten
Kl. 17:45	Pause
Kl. 19:00	Middag

Dag 2: tysdag 23.11

Kl. 08:55	God morgon
Kl. 09:00	Opphavsrett og digital tilgjengeliggjøring v/ Valentina Moreno, juridisk rådgivar ved Nasjonalbiblioteket
Kl. 10:00	Pause
Kl. 10:15	Etablering av ABM-nettverk
Kl. 11:15	Pause med utsjekk
Kl. 11:45	Lunsj
Kl. 12:30	Refleksjoner rundt spesialsamlinger i bibliotekene - å jobbe i krysninga mellom arkiv, bibliotek og museum v/Alexandros Tsakos, Spesialsamlingane ved Universitetet i Bergen
Kl. 13:00	Pause
Kl. 13:15	Erfaringar med felles pilotprosjekt - VITI v/Torbjørn Aksten og Fylkessenter for Digitalisering av Kulturarven (SEDAK) og ved IKA Møre og Romsdal (IKAMR) v/ Ottar A.B Anderson
Kl. 13:45	Bakgrunn for, og utvikling av VirtueeltMuseum - Musea i Akershus (Mia) v/Cecilie Øien og KulturIT v/Espen Nordenhaug
Kl. 14:30	Takk for no og vel heim!

Kontakt



Hildegunn Haanes Ruset
Prosjektkoordinator/rådgivar museum
71 28 05 08 / 959 35 300
[Send e-post](#)